

## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 20. februar 2020  
**Tid:** Kl. 18.30

### Faste medlemer som har møtt:

Sigrid Marie Fangel	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant - <i>til kl. 21.00</i>
Jan Overweg	kyrkjeverje

### Forfall faste medlemer:

Svein Lunde	skrivar
-------------	---------

### Varamedlemer som møtte:

Karin Marie Korsvik	2. vara
---------------------	---------

### Varamedlemer som ikkje møtte:

Jostein Skram	1. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest

### **Sakliste:**

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2020/11	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2020/12	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 23.01.2020	x
2020/13	211	Kyrkjegardsarbeidarstillinga	x
2020/14	221	Innmelding i foreininga "Sunnhordland Prostiråd"	
2020/15	046	Årsmelding for 2019 og årsmøte 08.03.2020	
2020/16	369	Kyrkjelydsfesten 29.03.2020	
2020/17	300	Arrangement i kyrkja	
2020/18		Meldingssaker	
2020/19		Open post	

### **Sak 2020/11 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister godkjent.

#### **Vedtak:**

Som innstilling.

### **Sak 2020/12 012.1 Referat frå sist møte**

Referatet frå møte den 23. januar 2020 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 23. januar 2020.

#### **Vedtak:**

Som innstilling.

### **Sak 2020/13 211 Kyrkjegardsarbeidarstillinga**

Arbeidsutvalet orienterer om saka i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Eit utvida arbeidsutval har sett på ulike modellar for drift av gravplassen. To modellar blei vurdert aktuelle for Fitjar sokn.

1. Full kyrkjeleg drift, der alt arbeid vert utført med eigne tilsette, utstyr og maskiner.
2. Kyrkjeleg drift med kjøp av tenester frå private leverandørar.

Fleirtalet i utvalet meiner det er viktig å oppretthalde kompetanse og praktiske tenester i verksemda. Ein ønskjer difor ikkje for mange tenester frå private leverandørar, som også ville føra til auka behov for administrasjon. Framlegg frå fleirtalet i utvalet var difor å lysa ut 40-60% stilling som kyrkjegardsarbeidar / kyrkjetenar (vaktmester). Resterande arbeidsoppgåver kan deretter bli fordelt på sommarvikarar og private leverandørar.

**Vedtak:**

Soknerådet ønskjer å lysa ut 40-60% stilling som kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetener. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing.

**Sak 2020/04 221 Innmelding i "Foreininga Sunnhordland prosti"**

Føremålet med prostirådet i Sunnhordland er å leggja til rette for samarbeid og felles prosjekt mellom sokna som høyrar til Den norske kyrkja i Sunnhordland prosti og anna verksemd som fell naturleg inn under dette. Døme på aktivitetar er prostidag, nyårsmottaking, frivilligpris og prostibladet "Helg og Yrke". For å kunna føra dette arbeidet vidare er det viktig med eige organisasjonsnummer. Det blir no løyst ved at det er stifta ei foreining "Sunnhordland Prostiråd". Skipingsmøtet var torsdag 13. januar, der kyrkjevevjerne i Sunnhordland var medskiparane. Sokna i Sunnhordland prosti, representert ved sokneråda, kan vera medlemer i foreininga. Kontingenten vil vera låg. Det skal ikkje krevjast inn medlemskontingent fyrste året.

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar soknerådet set pris på arbeidet som Prostirådet i Sunnhordland gjer. Fitjar sokn melder seg inn i foreininga "Sunnhordland Prostiråd".

**Vedtak:**

Som innstilling.

**Sak 2020/15 046 Årsmelding for 2019 og årsmøte 08.03.2020**

Etter å ha fått inn opplysningar frå dei ulike arbeidsområda i Fitjar kyrkje har kyrkjevevjerja no sett saman ei årsmelding. Den er lagt opp etter same mal som den som me har brukt dei siste åra.

Årsmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøte i kyrkjelyden. Årsmøte i Fitjar kyrkje er sett til søndag 8. mars etter gudstenesta. Difor må innkallinga til årsmøte og årsmeldinga gjerast klar til utsending snarast.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til årsmeldinga som er lagt fram.

**Vedtak:**

Som instilling.

**2020/16 369 Kyrkjelydsfest 29.03.2020 kl. 16.00**

Kyrkjelyden sin årsfest vert på Fitjar bedehus søndag 29. mars kl. 16.00. Sokneprest i Sveio, Arild Steinsland, talar over temaet: «Kva gjer vi med piler som peikar nedover?» med utgangspunkt i hans prosjekt i Valestrand sokn. Soknerådet må setja ned ein komite som arbeidar med planlegging og gjennomføring av arrangementet.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Vedtak:**

Soknerådet nemner opp ein komite for planlegging og gjennomføring av kyrkjelydsfesten: Herman Inge Aadland, Sigrid Fangel, Tom Rydland og Karin Korsvik.

**2020/08 300 Arrangement i kyrkja**

Sidan sist har det vore ulike gudstenester og arrangement i kyrkja. Soknerådet evaluerer desse kort.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Både tårnagenthelga, kveldsamlinga med Ingeborg Hatlevik Ørjasæter og temakvelden med Bømlo gospel fekk mykje skryt. Det blir gjort eit svært godt arbeid, både av frivillige og tilsette.

**2020/09 Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Elisabeth Søndena Oma er tilsett som kontormedarbeidar i Fitjar sokn.
2. KPMG har revidert kompensasjonsmelding for 2019 (kr 189.308).
3. Arbeidet med å få på plass nemnd og utval har framgang (Jfr. sak 2020/06).
4. Gåva frå Fitjar kraftlag til diakoni pålydande kr. 10.000 som var løyvd i 2019 er no mottatt med takk.
5. Fitjarweekend på Helgatun 17.-19. april - komiteen arbeidar godt med arrangementet.
6. Alle utgåver av kyrkjebladet er no tatt vare på og registrert i Nasjonalbiblioteket.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering.

**Vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering. Rådet ønskjer ei oppdatert liste med nemnd og utval til neste møte.

**2020/10 Open post**

1. Det kom innspel om parkering ved store arrangement i kyrkja. Det kan oppstå uoversiktlege situasjonar, og det vart diskutert om det kan vera trong for trafikksikring. Det manglar nok oppmerking av parkeringsplassar. Ein vil oppfordra til at ein, ved større arrangement i kyrkja, i større grad brukar parkeringsplassane i sentrum.
2. Soknerådet ønskjer ei strategisamling saman med dei tilsette. Soknerådet ber dei tilsette om forslag til dato for ein laurdag denne våren.
3. Fitjar kyrkjekor kom med søknad om pengestøtte kr. 2000,- til stemmekurs (to kveldar) med Arne Kvarven. Søknaden vart einstemmig innvilga.
4. Anne Marie Røed etterlyser retningsliner for påskjøningar ved åremålsdag og liknande. Ho seier seg viljug til å utarbeida og koma med forslag om slike retningsliner.

*Møtet slutt kl. 21.15*